



# SELJE KOMMUNE

## Administrasjonsutvalet

### Møtebok

**Møtedato:** 09.06.2016

**Møtetid:** Kl. 09:00 – 11:15

**Møtested:** Kommunehuset, 2. etg.

**Saksnr.:** 001/16 - 005/16

---

#### **Følgjande medlemmer møtte**

Arb.gjevar:

KRF: Stein Robert Osdal – nestleiar og leia møtet. TP: Judit Kvåle, SP: Gunn Sande, FRP: Marita Aarvik. H: Geir Årvik.

Arb.takar:

Fagforb. v/Turid Hopland. Utdanningsforb. v/Håvar Fagerli

---

#### **Følgjande medlemmer møtte ikkje**

TP: Jan Vidar Smenes. AP: Åge Lundebrekke

Fagforb. v/Sissel Solheim

Alle hadde gjeve melding om forfall til møtet.

---

#### **Følgjande varamedlemmer møtte**

TP: Terje Ødegård

Fagforb. v/Vivian Nygård Sætren

---

#### **Følgjande frå administrasjonen møtte**

Rådmann Ørnulf Lillestøl. Personalkonsulent Margunn Myklebost, som og førte møteboka.

---

#### **Merknad til innkallinga**

Ingen

---

#### **Merknad til saklista**

Ingen

9 voterande

Orientering:

Møtet vart lukka når gjennomgang av referat nr. 1 i sak 003/16 føregjekk.

## Følgjande saker vart handsama

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
001/16	Godkjenning av møtebok
002/16	Delegasjonssaker
003/16	Referatsaker
004/16	Lønspolitisk handlingsplan 2015-2017 - Selje kommune - revisjon
005/16	Tilsetjingsreglement Selje kommune - revidering

**Tilleggsaker:** Ingen

**Utskrift protokoll:** Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

**Utskrift møtebok:** Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

**Signatur:** \_\_\_\_\_



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Administrasjonsutvalet	09.06.2016	001/16

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 16/299
---	----------------------	-----------------------------

## Godkjenning av møtebok

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 26.11.14 og 07.10.15 vert godkjent slik dei ligg føre.

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
01.06.2016	Møtebok ADM 07.10.15.pdf	76909
01.06.2016	Møtebok ADM 26.11.14.pdf	76913

### **Handsaming i Administrasjonsutvalet - 09.06.2016**

9 voterande

### ADM-001/16 VEDTAK

Møteboka frå møte 26.11.14 og 07.10.15 vert godkjent slik dei ligg føre.

Samrøystes.



## SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Administrasjonsutvalet	09.06.2016	002/16

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 16/297
--------------------------------------	---------------	----------------------

### Delegasjonssaker

**DAD. 001/16: Tilsetjing av lærar f.t. Selje skule - 100% vikariat**

**DAD. 002/16: Tilsetjing av Assisterande tenesteleiar - 100 % fast stilling f.t. ved Seljetunet**

**DAD. 003/16: Tilsetjing av lærarar i faste stillingar - Selje skule**

**DAD. 004/16: Tilsetjing av fagarbeidarar/assistent - fast og i vikariat Selje Barnehage**

**DAD. 005/16: Tilsetjing av pedagogisk leiar og barnehagelærar f.t. Flatraket Barnehage**

**DAD. 006/16: Tilsetjing av pedagogiske leiarar - Leikvang Barnehage**

**DAD. 008/16: Tilsetjing av lærar - mellombels - Selje skule**

**DAD. 009/16: Tilsetjing av lærar - mellombels stilling - Stadlandet skule**

**DAD. 010/16: Tilsetjing av lærar - mellombels stilling - Flatraket skule**

**DAD. 011/16: Tilsetjing av rektor ved Stadlandet skule**

**DAD. 012/16: Tilsetjing av assisterande tenesteleiar - 100 % fast stilling f.t. Seljetunet**

**DAD. 013/15: Tilsetjing av fagarbeider/assistent - inntil 60% vikariat**

**DAD. 014/15: Tilsetjing av fagarbeider 1 Flatraket Eldretun - 20% fast stilling**

**DAD. 015/15: Tilsetjing av fagarbeider f.t. Stadlandet Eldretun - 80 % vikariat**

**DAD. 016/15: Tilsetjing av fagarbeider i heimetenesta (f.t.Blåhuset) - 44 % vikariat**

**DAD. 017/15: Tilsetjing av heimehjelp - 20 % vikariat**

**DAD. 018/15: Tilsetjing av fagarbeider - f.t ved Tryggleiksavdelinga - 65 % vikariat**

**DAD. 019/15: Prosjektmedarbeidar Ung i Ytre - 100% stilling**

**DAD. 020/15: Tilsetjing av tenesteleiar - 100% fast stilling**

**DAD. 021/15: Tilsetjing av tenesteleiar i Heimetenesta - 100% fast stilling**

**DAD. 022/15: Tilsetjing av sjukepleiar f.t. ved Seljetunet**

**DAD. 023/15: Tilsetjing av rektor ved Selje skule - 100% fast stilling**

**DAD. 024/15: Tilsetjing av assisterande tenesteleiar heimetenesta på Stad - 100 % stilling**

**DAD. 025/15: Tilsetjing av driftsrådgjevar helse og omsorg - 100 % fast stilling**

**DAD. 026/15: Tilsetjing av flyktningskonsulent - fast stilling**

#### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

#### **Handsaming i Administrasjonsutvalet - 09.06.2016**

9 voterande

#### **ADM-002/16 VEDTAK**

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Administrasjonsutvalet	09.06.2016	003/16

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 16/298
---	----------------------	-----------------------------

## Referatsaker

### Refererte skriv og meldingar:

Rådmann: Orientering om personalsituasjonen i helsetenesta

Rådmann: Orientering om medarbeidarundersøkinga 2016

### Tilleggsreferat:

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

### **Handsaming i Administrasjonsutvalet - 09.06.2016**

9 voterande

Representanten Gunn Sande ba om lukking av møtet under handsaming av referat nr. 1. Samrøystes godkjend.

### Tilleggsreferat:

3. Ordførar: Rekruttering av lærlingar/framtidig arbeidskraft – Ungdom under opplæring

### ADM-003/16 VEDTAK

1.Rådmann orienterte om personalsituasjoen i helsetenesta i lukka møte. Teke til vitande.

2.Rådmann orienterte kort om medarbeidarundersøkinga i 2016. Teke til vitande

3.Ordfører tok opp sak om rekruttering av lærlingar/framtidig arbeidskraft – Ungdom under opplæring.  
Kompetanseplan vert sett på dagsorden – Viser til HTA – Hovedtariffavtalen Kap. 3.3.  
Ansvar for vidare arbeid: Rådmann i samarbeid med fagorganisasjonane.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Administrasjonsutvalet	09.06.2016	004/16
Formannskapet	01.09.2016	
Kommunestyret	15.09.2016	

Sakshandsamar Ørnulf Lillestøl	Arkiv FE-500	Arkivsak 15/411
-----------------------------------	-----------------	--------------------

## Lønspolitisk handlingsplan 2015-2017 - Selje kommune - revisjon

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
29	I	24.05.2016	Fagforbundet avd. Selje 289	Uttale til revidering av Lønspolitisk plan
30	I	02.06.2016	Utdanningsforb. v/HTV Håvar Fagerli	Uttale til revidering av Lønspolitisk plan

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.06.2016	Uttale til Lønspolitisk plan 2016.docx	76904
02.06.2016	Uttale - revidering av lønspolitisk plan.pdf	77011
26.09.2015	Lønspolitisk handlingsplan - Selje kommune	69342
01.06.2016	Lønspolitisk plan 2015-17. Vedteke i ADM 07.10.15.pdf	70005

### Saka gjeld

Evaluering/revisjon av lønspolitisk plan i planperioden.

### Opplysningar til saka

Gjeldande plan vart vedteke i administrasjonsutvalet i 2015. Dette var/er ein relativt ny plan då Selje kommune ikkje har hatt ein slik plan dei seinare år. Ved handsaminga i fjor var organisasjonane også kritisk til nokre punkt i planen som omhandlar vurdering av innsats og resultat. Dei er spørjande til korleis «måle» resultat og korleis nytte desse punkta i lokale lønsforhandlingar.



Lønspolitisk plan er drøfta i fleire HTV møter med organisasjonane. Sist i HTV møte med rådmannen 30.05.16. Organisasjonane er i tilslutta attendemeldinga som ligg vedlagt frå Utdanningsforbundet.

Rådmannen og organisasjonane er usamd på dette punktet. I førre drøftingsrunde oppmoda rådmannen organisasjonane å vere med og utvikle ein metode for korleis vurdere innsats og resultat. Dette er grunnleggjande fordi det i HTA er framforhandla sentralt bestemmelsar som tilseier at prinsipp for lokal lønsfastsetjing er innsats og resultatoppnåing. Det vil vere spesielt om vi lokalt i Selje vel å sjå bort frå sentral tariffavtale. For leiarar i kap 3 er dette omtala slik i

HTA 3.4.2 (hjå oss tenesteleiarar)

*Grunnlag for forhandlingar er blant anna eit eller fleire av fylgjande kriterier;*

- *Endra ansvarsområde*
- *Oppnådde resultat i høve verksemda sine mål*
- *Utøving av leiarskap*
- *Betydelege organisatoriske endringar*
- *Behov for å behalde kvalifisert arbeidskraft*

Rådmannen har meldt tilbake at planen må vurderast som ein heilskap. Setninga som omtalar innsats og resultat må sjåast i samheng med kriterie 5 i planen. Objektive indikatorar som medarbeidarkartlegging, reknskapsmessige tilhøve, brukarundersøkingar osv kan gje oss ein peikepinn men vil aldri vere fullstendige då påverkningsfaktorar på desse indikatorane kan vere i mindre grad muleg å styre av den einskilde leiar.

Kva som er særleg god innsats vil då vere tema under sjølve forhandlingane. Det er sjeldan einskilde tilsette har sterke sider på alle område omtala i kriterie 5. Ein kan vere god på å halde vedtekne rammer.. og dårlegare på å skape engasjement, lagånd og medansvar osv som eksempel. Ein kan vere ein pådrivar og motivert for å ta utdanning kommunen treng, men dårlegare på å bruke tilegna kunnskap på ein god måte. Hensikt med lokale forhandlingar er å differensiere og lokalt tilpasse lønsutvikling hjå dei einskilde i kap 3 og 5. Kriterie 5 er vanskeleg å knytte til objektive standarder for «målingar» og må då vurderast og sakleg grunnjevast i sjølve forhandlingane.

Organisasjonane ynskjer også stillingsinstruksar. Rådmannen ser ikkje at dette er ynskjeleg. Det er få kommunar som har instruksar og dei fleste tilsette kjenner arbeidsoppgåvene sine. Usikkerheit må handterast i dialog med den einskilde. Tema som er omtala i kriterium 5 i planen er gjenstand for diskusjonar i samband med leiaravtalar og oppfølging av desse.

Utdanningsforbundet ynskjer også å kunne opprette funksjonar med funksjonstillegg. På dette punktet har kommunane dei seinare år i samarbeid med KS hatt ein strategi på å redusere funksjonar med eigne tillegg. Spesielle oppgåver tildelt einskildtilsette skal då forhandlast etter kriteria i planen.

**Lover/regelverk**

HTA

## **Konklusjon**

Sakshandsamar ser ikkje behov for å endre planen i denne revisjonen. Det er ved sentral avtale fastsett at det ikkje skal gjennomførast lokale forhandlingar for kap 4 – gruppene hausten 2016. Handlingsplanen vert å nytte i forhandlingane i kap 3 og 5.

## **Saksgang**

Det er avklara med KS at det er arbeidsgjevarorgan som endeleg vedtek arbeidsgjevarpolitikken og styringsdokument tilknytta denne etter handsaming i partsamansett utval. Saka vert fremja for formannskap og kommunestyre i september.

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Lønspolitisk plan vedteke for 2015-17 vert vidareført slik den ligg føre.

## **Handsaming i Administrasjonsutvalet - 09.06.2016**

9 voterande

### **Framlegg frå Administrasjonsutvalet:**

Saka vert utsett til neste møte i Administrasjonsutvalet – 01.09.16.

### **Røysting:**

Framlegg frå administrasjonen fekk 0 røyster for.

Framlegg frå Adminitrasjonsutvalet fekk 9 røyster. Samrøystes.

### **ADM-004/16 VEDTAK**

Saka vert utsett til neste møte i Administrasjonsutvalet – 01.09.16.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Administrasjonsutvalet	09.06.2016	005/16

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Margunn Åhjem Myklebost	FE-410, TI-&00	16/296

## Tilsetjingsreglement Selje kommune - revidering

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	S	14.04.2010		Justering av tilsetjingsreglement

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.06.2016	Tilsetjingsreglement revidering 2016.doc	76902

### Saka gjeld

Revidering av noverande tilsetjingsreglement i kommunen.

### Opplysningar til saka

Tilsetjingsreglementet for Selje kommune vart sist endra/justert i Administrasjonsutvalet 28.04.2010. Reglementet må no reviderast slik at det er i samsvar med delegasjonsreglement (vedteke i juni 2015) og endringar i lov og avtaleverk. I tillegg har kommunen føreteke ein del organisasjonsmessige endringar som gjer at reglementet må justerast. Saka har vore oppe til drøfting på møte med hovudtillitsvalde den 30.05.2016.

### Lover/regelverk

Arbeidsmiljølova, Hovudtariffavtalen, Hovudavtalen, Kommunelova, Forvaltningslova, Offentleglova, Delegasjonsreglementet til kommunen

### Sakshandsamar si vurdering

I juni 2015 vedtok kommunestyret nytt delegasjonsreglement i kommunen. Sidan vårt tilsetjingsreglement er frå 2010 må dette endrast i tråd med kva mynde rådmann har i personalsaker.

Sakshandsamar har ikkje endra på hovudoverskrifter/inndeling. Men innhald i ulike avsnitt kan vere endra, teke bort eller at nye er lagt til.

Det som er nytt i reglementet er at vi opprettar eit tilsetjingsutval som består av 3 personar frå arbeidsgjevarsida og 2 frå arbeidstakersida. Utvalet skal ha mynde til å tilsetje i faste stillingar. Dette blir gjort for å få betre struktur på samarbeidet mellom arbeidsgjevar og fagorganisasjonane.

Ein tilsetjingsprosess er i stor grad styrt av lover og avtaler som også inneber involvering av tillitsvalde. Korleis vi praktisk gjennomfører prosessen kan vi til ein viss grad bestemme sjølve. Dette går på interne rutinar. Eksempel på dette kan vere korleis vi lyser ut ei stilling og gjennomføring av intervju.

Viser til vedlagt forslag til revidert reglement.

### **Saksgang**

Administrasjonsutvalet gjer vedtak.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Administrasjonsutvalet vedtek revidert Tilsetjingsreglement slik det ligg føre.

### **Handsaming i Administrasjonsutvalet - 09.06.2016**

9 voterande

#### **Framlegg frå Administrasjonsutvalet:**

Saka vert utsett til neste møte i Administrasjonsutvalet – 01.09.16.

#### **Røysting:**

Framlegg frå administrasjonen fekk 0 røyster for.

Framlegg frå Administrasjonsutvalet fekk 9 røyster. Samrøystes.

### **ADM-005/16 VEDTAK**

9 voterande

#### **Framlegg frå Administrasjonsutvalet:**

Saka vert utsett til neste møte i Administrasjonsutvalet – 01.09.16.

#### **Røysting:**

Framlegg frå administrasjonen fekk 0 røyster for.

Framlegg frå Administrasjonsutvalet fekk 9 røyster. Samrøystes.

Samrøystes.



